



Føremål

Felles rutinar ved elevfråvær for grunnskulane i Sogndal kommune

Omfang

Grunnskulane i Sogndal kommune

Ansvar og rollar

- Det er foreldra sitt ansvar at elevane møter på skulen.
- Det er kontaktlærer og rektor sitt ansvar at det vert sett inn tiltak ved fråvær.
- Det er skulen/rektor som følgjer opp saka, sjølv om ho vert meld vidare i systemet

Definisjonar

Kriterium for å definere skulevegring (Berg, 2002):

- Eleven har eit relativt høgt og uforklart fråvær; dvs at eleven ikkje har ein legitim grunn til å vera borte frå skulen.
Den amerikanske psykologen Christopher Kearney (2008) har definert problematisk fråvær som:
Barn og unge som har vært borte meir enn 25 prosent av skuletida de siste to vekene, og/ eller opplevd alvorlege vanskar med å gå på skulen i minst to veker i ein slik grad at vegringa har påverka barnet eller familien sin kvardag i stor grad, og/ eller hatt meir enn 10 dagar eller 15 prosent fråvær over dei siste 15 vekene.
- Eleven er vanlegvis heime når han/ho ikkje er på skulen, foreldra veit at ungen er heime. Noko som skil skulevegring frå det me vanlegvis kallar skulk.
- Eleven gir uttrykk for emosjonelt ubehag (angst, tristheit, diffuse smerter) og viser vegring når det er snakk om å skulle gå på skulen.
- Eleven syner ikkje alvorleg antisosial eller normbrytande åtferd utover motstand mot å gå på skulen. Noko som skil skulevegring frå unge menneske med alvorlege åtferdsvanskar.
- Foreldrene til eleven har prøvd å få eleven på skulen og vil at han/ho skal gå der. Denne delen av definisjonen skil skulevegring frå dei ungane som må vera heime for å hjelpa sjuke foreldre.

Handling/rutine

Handling ved fråvær:

1. Kontaktlærer fører inn fråvær i Visma etter meldingar frå lærarane. Skal gjerast kvar dag.



2. Foreldre melder frå til kontaktlærer om fråvær så snart som råd.
3. Ved tre (3) dagars samanhengande fråvær, kontaktar dei føresette skulen. Dersom dette ikkje skjer, tek skulen kontakt med heimen. Kontaktlærer utarbeidar kvar månad ei oversikt over tal fråværsdagar for alle elevar i si gruppe/klasse.
4. Ved fem (5) dagars einskildfråvær i ein månad, kontaktar skulen v/kontaktlærer dei føresette.
5. Dersom ein elev har vore borte fem (5) einskilddagar, eller har stort timefråvær i kvar månad over ein to-månadars periode, vert dei føresette innkalla til drøftingsmøte der skulehelsetenesta, skulen og eleven deltek. PPT kan kallast inn om nokon ynskjer det. I drøftingsmøtet skal partane komme fram til konkrete, gjennomførbare tiltak, eventuelt i samarbeid med andre instansar.
6. Når ein elev sitt samla fråvær overskrid 15 dagar uansett årsak, vil heimen verte informert. Heim og skule vil samarbeida om eventuelle tiltak.

Dersom ein elev forlet skulen utan løyve, vert dei føresette kontakta straks. Skulen prøver i samarbeid med heimen å spora opp eleven.

Referansar/lovheimel:

[Hva er skolevegring? - Norsk Psykologforening \(psykologforeningen.no\)](#)
[Forebygging og oppfølging av fravær \(udir.no\)](#)